

Den samiske folke-drakta

Den samiske folke-drakta er eit viktig symbol på samisk kultur og identitet.

På nordsamisk heiter ho gákti.

Ofte har gákti skarpe fargar: raud, blå, grøn og gul. Ho blir laga av ull, skinn eller bomull.

I Sápmi finst det mange ulike variantar. Fargane og mønstra kan fortelje kor ein person kjem frå.

Vanleg tilbehør er til dømes silkesjal, belter, kommagar (skinnsko) og søljer.

I dag brukar mange plagget ved høgtider, festivalar, på 17. mai og i dåp og bryllaup. Nokre brukar òg gákti i kvardagen.



Gákti, den samiske folke-drakta.

Spørsmål til teksten:

1. Kva er den samiske folke-drakta eit viktig symbol på?

2. Kva heiter den samiske folke-drakta på nordsamisk?

3. Kva fortel fargane og mønstra?

4. Når blir den samiske folke-drakta brukt?
